

SEMESTEROPPGÅVE I IDE4060 – Politikktenkingshistoria HAUST 2013

Vel *ei* av desse oppgåvene.

Anten:

Benjamin Constant reknast gjerne som ein av grunnleggjarane av fransk liberalisme. Kva er det ved den politiske tenkinga hans som eventuelt gjer ei slik nemning passande. Kva for rolle spelar kritikken av antikkens tenking i læra til Constant?

Eller:

Grei ut om kva omgrepene *Leviathan* og *the Sovereign* (Suverenen) står for og forholdet mellom dei hos Hobbes. Diskutér så om det er korrekt å seie at borgarane er totalt underkasta Suverenen ut frå Hobbes' politiske filosofi.

Formalia

Omfang: 8-10 sider à 2.300 teikn. Vi rekne ikkje med litteraturlista i det totale talet på sider. Anbefalt skrifttype er Times New Roman (12 punkt) med 1 ½ linjeavstand.

Vi godtek ikkje eksamenssvar utan kjeldetilvisingar (noteapparat og litteraturliste). Vi reknar med at alle eksamenssvar oppfyller formelle krav til akademisk skriving: <http://www.hf.uio.no/studier/ressurser/kilder/>

Dersom du leverer eit eksamenssvar med mangelfulle eller misvisande kjeldetilvisingar kan du bli mistenkt for fusk: <http://www.hf.uio.no/studier/admin/eksamen/fusk/>



Korleis du skal gå fram for å levere oppgåva og ikkje-fuskstadfesting, sjå:
http://www.hf.uio.no/ifikk/studier/admin/eksamen/hvordan-levere-besvarelsen-din/innlevering_fronter.html